

Årsmelding for Vest-Telemarkrådet 2010.

"Vest-Telemarkrådet skal vere eit samarbeidsorgan for dei deltagande kommunane på alle område og alle plan, og skal vere eit organ for løysing av felles spørsmål og oppgåver for dei same kommunane."

Tinget er det øvste styringsorganet og består av ordførar, varaordførar, eit anna kommunestyremedlem samt rådmann frå kvar av dei deltagande kommunane.

Rådet, som består av ordførarane i dei 6 kommunane, står for den daglege drifta saman med dagleg leiar.

Økonomi.

Årets overskot på kr. 3 422,- vert overført eigenkapitalen.

Leiinga.

Ordførar i Nissedal kommune Anne-Nora Oma Dahle har vore regionordførar i Vest-Telemarkrådet i 2010, medan ordførar i Kviteseid kommune Torstein Tveito har vore regionvaraordførar.

Det er halde 1 møte i Vest-Telemarktinget 15. juni 2010. Møtet som til vanleg vert halde i desember vart utsett til mars 2011 grunna arbeidet med næringsplanen.

Tinget vedtok i desember 2009 arbeidsprogram for 2010 – 2011. Arbeidsprogrammet syner retningen for regionrådet og gjeld i 2 år. Det er knytt tiltak til måla og måloppnåinga vert kontrollert av Tinget 2 gonger i året.

Arbeidsprogrammet har fylgjande visjon og mål/tiltak:

VISJON: VEST-TELEMARK - EIN LEVANDE REGION

Vest-Telemark skal vera ein levande region der opparbeidd identitet og kultur vert vidareført saman med innovasjon og nyskaping. Gjennom samhandling over kommunegrenser skal vi gjere regionen attraktiv for busetnad, arbeid og oppleveling.

Mål 1 Oppretthalde folketalet og busetnaden i heile Vest-Telemark

Tiltak:

- Auke dei unge si sjølvkjensle og tilknyting til distriktet, og stimulere til entreprenørskap
- Ha god tilgang til vidaregåande skule, samt etter- og vidareutdanning for innbyggjarane
- Auke tilgangen på attraktive bustader, opplevelingar og uformelle møteplassar
- Stimulere til rekruttering av arbeidskraft
- Satse på auka tilflytting og ha fokus på gode integreringstiltak
- Nytte samhandlingsreformen til å få best mogleg helsetilbod i regionen

Mål 2 Sterk regional samkjensle og styrka Vest-Telemarkidentitet

Tiltak:

- Stø opp om kulturtiltak som fremjar kjennskap, identitet og samhandling
- Legge til rette for godt regionalt samarbeid, herunder elektronisk kommunikasjon og informasjonsflyt
- Drive aktiv marknadsføring av regionen
- Drive alliansebygging/lobbyverksemrd og kome tidleg inn i dei ulike politiske endringsprosessane

Mål 3 Vidareutvikling og nyetablering av verksemder i Vest-Telemark

Tiltak:

- Styrke marknadsføringa av Vest-Telemark som reiselivsmål og vidareutvikle opplevelingstilbodet i regionen
- Legge til rette for næringsutvikling med grunnlag i lokale ressursar
- Legge til rette for etablering av kompetanseverksemder og stimulere utviklinga i eksisterande verksemder
- Stimulere til vidareutvikling av næringsapparatet i regionen
- Arbeide for å betre rammevilkåra for landbruket i Vest-Telemark

Mål 4 Sikre god infrastruktur i og gjennom Vest-Telemark

Tiltak:

- Samarbeide med Haukelivegen AS, Arbeidsgruppa for E 134/Rv 36, Telemarksvegen
- Vest-Telemark Næringsforum og andre viktige grupperingar
- Arbeide mot sentrale styresmakter, spesielt i høve til Nasjonal Transportplan og aktuelle utbyggingsprosjekt
- Fremje tiltak for alternativ finansiering av sentrale investeringsprosjekt
- Arbeide for auka midlar til investeringar og vedlikehald av øvrige riks- og fylkesvegar
- Sikre full utbygging av siste generasjon breiband i regionen
- Arbeide for full dekning innan mobilsamband og digitalt bakkenett
- Arbeide for realisering av høgfartsbane over Haukelifjell

Frå arbeidet i Rådet.

Det er halde 11 møte i Rådet i 2010 og handsama 78 saker. Av viktige saker kan vi nemne:

Regional planstrategi.

Telemark fylkeskommune vedtok i desember 2009 dei politiske retningslinene for korleis en skal styrke nyskapninga og næringsutviklinga i Telemark.

Planstrategien er inndelt i følgjande 4 tema: kompetanse, samferdsel, miljø/klima samt livskvalitet og attraksjonskraft. Medlemmene av Vest-Telemarkrådet har vore aktive medspelarar i prosessen og det ligg no føre følgjande 2 planer:

- Regional plan for nyskapning og næringsutvikling
- Regional plan for reiseliv og opplevelingar

I tillegg er det utarbeidd strategiplan for idrett og friluftsliv. Planane vil danne rettesnor både for fylkeskommunen og dei enkelte kommunane og har eit tidsperspektiv på 12 år.

Strategisk næringsplan.

Arbeidet med Strategisk Næringsplan for Vest-Telemark starta i 2004 og i juni 2007 vedtok Vest-Telemarktinget Strategisk Næringsplan 2007 – 2010. I samband med at den fyrste planperioden gjekk mot slutten vart det sett ned ei arbeidsgruppe beståande av regionordførar, næringsansvarleg frå kvar ei dei 6 kommunane samt dagleg leiar i Vest-Telemark Næringsforum. Arbeidet med rullering av planen har vore forankra i kommunane og ein har freista å harmonisere denne med dei regionale planane.

I møte 20. november vart det endelige forslaget til Strategisk Næringsplan 2011- 2014 handsama i Rådet, og det vart vedteke å sende forslaget til høyring i kommunane.

Etter endt høyringsperiode vart Strategisk Næringsplan 2011 – 2014 formelt vedteke av Vest-Telemarktinget 29. mars 2011 og Rådet har sett i gang arbeidet med å finansiere planen.

Tiltaksretta handlingplan for landbruket.

Med utgangspunkt i ein tidlegare utarbeidd landbruksrapport var det sett ned ei arbeidsgruppe med oppgåve å lage plan for vidare aktivitet og målretta handling innan landbruket i regionen. I mars 2011 la gruppa fram forslag til tiltaksretta landbruksplan med følgjande 3 strategiar:

Tilrettelegging for næringsutvikling, rekruttering og trivsel samt samarbeid i landbruksforvaltninga i regionen.

I ekstra møte i Tinget 29. mars 2011 vart planen formelt vedteke.

Framtidig organisering av politiet.

Ei nedsett arbeidsgruppe innan politiet la tidleg på året fram ei utgreiing som konkluderte med samanslåing av lensmannskontora i Kviteseid, Tokke og Vinje og foreslo at ei ny arbeidsgruppe skulle vurdere geografisk plassering av dette. I rådsmøte 16. mars 2010 orienterte politimeisteren nærmare om saken og Ketil Kiland vart valt som observatør i den nye gruppa.

Til rådsmøtet 14. september låg det føre rapport med forslag om å dele Telemark inn i 2 geografiske driftseininger der dei 6 Vest-Telemarkkommunane skulle høyre til eining ”Øvre/Nord” saman med Bø, Nome, Sauherad, Notodden, Hjartdal og Tinn. Geografisk plassering av 2 lensmannskontor var i rapporten foreslege lagt til Åmot og Seljord/Kviteseid.

Samhandlingsreformen.

21. april 2009 ba Vest-Telemarkrådet Rådmannsutvalet å sette ned ei arbeidsgruppe for å fylgje med i reformprosessen, kartlegge fagkompetansen og sikre oppdatering i høve til politisk handsaming. Assisterande rådmann i Vinje, Sissel Bitustøy vart i 2010 engasjert som prosjektleiar for vår region, medan rådmennene saman med direktøren i Sykehuset Telemark er nedsett som styringsgruppe.

Samordninga av attførингstilbodet i regionen.

Det vart i 2009 teke initiativ til eit utgreiingsarbeid for å avklare framtidig organisering av attføringsbedriftene i regionen. Ei arbeidsgruppe med representantar frå bedriftene fekk i oppdrag å legge fram aktuelle modellar for ny organisering. I rådsmøte 11. mai 2010 vart det lagt fram rapport der ein mellom anna tilrår felles fagadministrasjon for dei 5 selskapa.

Vegspørsmål.

I møte 16. februar vart Vest-Telemarkrådet nærare orientert om Statens vegvesen sitt handlingsprogram for perioden 2010 – 2013 (2019). Programmet innehold mellom anna bygging av tunnelen Århus- Gvammen og gjev signal om mogleg prioritering av nye tunnelar på Haukelifjell/Røldal.

Også i møte 2. juni fekk Rådet informasjon om viktige vegsaker som bompengeprosjektet på E134/Rv36, utbettingsbehovet på Rv41 samt arbeidet med Jondalstunnelen.

Norsk Bane.

Høgfartsbane over Haukelifjell er eitt av tiltaka i regionen sitt arbeidsprogram. I ekstra rådsmøte 28. april vedtok Vest-Telemarkrådet å gje økonomisk støtte til det vidare arbeide. I november vart det halde eit ope møte i Vinje med tanke på vidare mobilisering.

SIVA næringshage.

I møte 30. november 2010 hadde Vest-Telemarkrådet ei innleiande drøfting av moglegheitene for ein SIVA næringshage i regionen. I møte tidleg i 2011 kom Rådet attende til saken med nærmere orienteringar frå representantar frå SIVA og Telemark fylkeskommune. Vest-Telemarkrådet har etter dette vendt seg formelt til Telemark fylkeskommune med ynskje om å få etablert ein SIVA næringshage, og det er i samband med Strategisk Næringsplan 2011 – 2014 sett ned ei arbeidsgruppe som har til oppgåve å organisere det vidare arbeidet.

Vidare organisering av regionsamarbeidet.

Arbeidet med vidare organisering av regionsamarbeidet har av ulike grunnar gått føre seg over tid. I april 2009 fekk regionrådsleiar i oppdrag å gjera naudsynte tiltak i høve til å organisere Vest-Telemarkrådet etter kommunelovens §27.

I rådsmøte 16. mars 2010 fekk rådmannsutvalet i oppdrag å utarbeide 2 – 3 ulike alternativ til vidare bemanning og organisering av regionsamarbeidet. Til rådsmøtet 25. januar 2011 låg det føre notat frå utvalet med 2 ulike forslag til organisering. På bakgrunn av dette vedtok Rådet at det skulle utarbeidast ei konsekvensvurdering i høve til kva følgjer dei ulike alternativa ville få for det regionale samarbeidet. På bakgrunn av dette har Telemark Kommunerevisjon utarbeidd ein rapport som grunnlag for vidare handsaming av saken.

I 2011 har Vest-Telemarkrådet fått nærmere orientering om følgjande saker:

- Prostidiakonatet i Vest-Telemark 25 år. Orientering om det felleskyrkjelege samarbeidet v/ prostidiakon Eilev Erikstein og nestleiar i styret Solveig Abalone Midtgarden.
- Telemark Bilruter, ekspressrutene og dei vidare utfordringane v/Svein Olav Straand og Tellef Solås.
- Vest-Telemarktreff, erfaringar og vidare planer v/Elisabeth Lid og Olav A. Veum
- "Med argusøyne på WTO", orientering v/prosjektleiar Helge Christie.
- Norsk Kulturarv, synleggjering av kulturminneverdiar v/direktør Grete Horntvedt.
- Felles grafisk profil for Vest-Telemark, retningsliner og vidare bruk v/ Ole Dalen.
- Attføringssentert i Rauland – eit sjukehus innan spesialisthelsetenesta, orientering v/Svein Kostveit og Toril Dale.
- Telemarkskanalen som regionalpark, orientering v/Frida Sviland Telemark fylkeskommune.
- Beredskap i kommunane, nytt lovverk – klårare plikter for kommunane. Orientering v/fylkesberedskapssjef Elisabeth Danielsen og beredskapskoordinator Erling Tveiten.
- Noregs Mållag – målsak og identitet. Orientering v/ leiar Håvard B. Øvregård og lokallagsleiar Einar Leiv Søreide.
- Mogleg universitet i Telemark, orientering v/Dag Kjartan Bjerketvedt og Olav Risholt frå Høgskolen i Telemark.
- Bygdelivsprosjektet, avsluttande orientering v/Emilie Asplin og Elisabeth Lid.
- Organisasjonen LEVEL – samliv/heilskapleg tenking. Orientering v/Anders Mathias Larsen.
- Tannhelsetenesten – ny organisering. Orientering ved fylkestannlege Tor Hildre.
- Landstadsenteret i Seljord, orientering v/Karl Gran og Snorre Øvrebø.
- Politikar 2020, eit komande nasjonalt prosjekt. Orientering v/ Ole Dalen og Marte Midttun Lie.

Skjønnsmidlane.

Vest-Telemark fekk i 2010 kr. 1 710 000,- i skjønnsmidlar frå fylkesmannen.

Midlane vart fordelt på følgjande prosjekt/tiltak:

- Pleie/omsorg. Gevinstrealiseringssprosjekt, erfaringsoverføring opplæring	350 000.-
- Brannvern. Utviding av samarbeidet, opplæring	700 000,-
- Forsystem for fakturering, integrasjon med kartsystem og økonomisystem	<u>660 000,-</u>
	<u>1 710 000,-</u>

Vest-Telemark

31. desember 2010/24. mai 2011

.....
Solveig S. Abrahamsen

.....
Bjørn Nome

.....
Olav Urbø

.....
Arne Vinje

.....
Torstein Tveito

.....
Anne-Nora Oma Dahle

.....
Kjell Gunnar Heggernes